

# Styremøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit

## 08.12. 2011 på Reset

### Tilstades:

Eva Høydal  
Halvar Espeseth  
Lars Nesse  
Lene Engvik Rasch  
Ragnhild Sæle (kasserar)

### Sak 45/11: Referat og meldingar

- **Kort diskusjon kring leiarsamlinga/ AgroNordvest i Loen:** Me tykte at påmeldinga var forvirrande, i og med at ein kunne melde seg på både hjå oss og Nortura, men uansett måtte melde inn om fagtema hjå dei. Det fungerte ikkje å ha møte med lokallagsleiarane samstundes med at verringane/ Tine m.fl. hadde møte. Me fekk alt for få på leiarmøtet, men hadde ein god diskusjon med dei som møtte opp. Alt i alt var det ei fin helg med gode førelesarar, møte med ”likesinna”, og nyttige opplegg på tillitsvaltkurs.
- **Rovdyr:** Lars var på møte 25.11 på Fagernes. Rovviltnemda i region 3 hadde kalla inn til møtet. Hovudsaken var at forvaltningsplanvedtaket er sendt inn til DN til uttaling. Endelig vedtak kjem på nyåret, frå ny nemnd.
- **Rovdyr:** Lars var og på møte 05.12, då rovviltkontaktar/ næringane var kalla inn av SNO. Det er blitt gitt løyve til å ta ut jerv så snart det er føreforhold. Det har vore observasjonar av jerv både i Gaular og Guddal.
- Halvar var på møte om **Framtidsretta Sauebruk** 06.12. Her blei mellom anna radiobjelleprosjektet evaluert: Fylkesmannen eig 213 bjøller, som har blitt prøvd ut gjennom sesongen. Bjøllene fungerte ikkje godt nok fordi dei sluttar å virke når dei blir våte, lammenodane virka ikkje tilfredsstillande, og mobildekninga er for dårleg i store delar av fylket vårt. Det er ynskje om å forbetre/ prøve ut vidare. (Sjå og under *Ymse.*) Alveld, flott og fluemark blei og tatt opp, som ein av dei største problema på utmark frå kysten til ca midt inn i fylket. Bruk/stønad til kadaverhund, og kurs i dette, blei og diskutert.

## Sak 46/11: Planlegging av årsmøtet

Møtet blir 17-18 februar, ei helg tidligare enn vanleg, på grunn av kollisjon med andre interesseorganisasjonar. Alveld blir eit tema, og det er forslag om å få inn Arne Flåøyen frå Mattilsynet som foredragshaldar.

### Førebels program:

Fredag:

11.00: opning  
11.15: Tine, Nortura og Felleskjøpet  
12.30: Lunsj  
13.30: Organisert beitebruk ved Helene Håland  
14.15: Kaffipause  
14.30: Alveld  
18.00- 18.30: Oppsummering  
20.00: Middag

Laurdag:

09.00: Lokkallaga si time  
10.00: Årsmøte  
13.00: Lunsj og heimreise

**Årsmeldingane:** Me tek sikte på å trykkje opp 100 stk. Halvar undersøker kva for trykkeri me bør bruka, og Eva tek seg av å skaffe annonsørar. Ho skal ta i mot svar på om annonsørane vil ha annonsen liggjande ute 3, 6 eller 12 månader, og lagar liste. Lars tek på seg å ha ”styringa” med annonsane som kjem inn. Lene samanfattar styret sitt arbeid gjennom året. ***20.01.12 er frist for alt som skal med i årsmeldingane.***

## Sak 47/11: Regnskap

Ragnhild gjekk gjennom rekneskapet til no, og det såg greitt ut. 18.12 er fristen for å sende inn reiserekningar.

## Sak 48/11: Ymse

- **Kontakt med lokallaga:** Framleis manglar me årsmelding frå fleire av lokallaga. Me har vore i kontakt med nokon av dei, men ikkje alle. Før den nye årsmeldinga blir laga **må** me ha fått inn opplysningar om nye leiarar, telefonnummer på alle og e- post på dei som har. Me satt oss frist **til 15.12.11** å kontakte ”fadderborna” våre. Lukkast ikkje dette på så kort tid, så må i alle fall Lene ha det så snart som mogleg. Nye

infoskriv skal sendast ut i løpet av månaden, og då er det fint med ferske oppdateringar.

- **Småfesamlinga 13-14.01.12:** Halvar melder på alle i styret. Me tek eit styremøte då, kor me mellom anna lagar utkast til uttaling til jordbruksforhandlingane.
- **Radiobjøller:** Det er ynskje frå Fylkesmannen sitt styringsorgan at Fylkesstyret skal overta ansvaret for utleige av radiobjøllene, mot at lokallaga betalar lisensen. Me blei einige om å opprette kontaktpersonar rundt om i fylket, som tek ansvar for å x antall bjøller kvar.

Sekretær: Lene Engvik Rasch